

**Dato:** 08.09.2020

---

---

**Til:** Finansutvalet

---

## 1 Sektorbudsjett - løyvingnivå

Alle tal i 1000 kr

Løyvingnivå		Budsjett 2020	Budsjett 2021
Pasientbehandling	Brutto driftsutgifter	337 211	358 061
	Driftsinntekter	- 96 442	- 99 042
	Netto driftsutgifter	240 769	259 019
Administrasjon av tannhelse	Brutto driftsutgifter	34 670	13 145
	Driftsinntekter	- 275	-
	Netto driftsutgifter	34 395	13 145
Sum	Brutto driftsutgifter	371 881	371 206
	Driftsinntekter	- 96 717	- 99 042
	Netto driftsutgifter	275 164	272 164

## 2 Omtale av løyvingnivå

Tannhelsetenesta er delt inn i staben som sit i sentraladministrasjon, og fire tannhelseområde med klinikkar.

Tenesta har to løyvingnivå; pasientbehandling og administrasjon:

### Pasientbehandling

Under dette løyvingnivået ligg løn- og sosiale kostnader til områdeleiarane, tannlegane, tannpleiarane og tannhelsesekretærene. Løyvinga omfattar behandling av både prioriterte og betalende pasientar. Ei av dei største utgiftspostane er medisinsk forbruksmateriell som eingongsutstyr og anna knytt til behandling av den einskilde pasient. Under pasientbehandling ligg også tilsette i teknisk eining, og teknisk utstyr brukt til pasientbehandling.

### Administrasjon

Løyvinga skal dekke løn, og personalkostnader og andre utgifter knytt til tilsette i stab, fagseksjon, samt stabsleiar og fylkestannlegen.

### Klimaeffektar

Klimaperspektivet er i fokus når det gjeld alle innkjøpsavtalar. Det er tatt omsyn til transport og leveringsmetode samt at ein har gode ordningar for handtering av spesialavfall. Tannhelsetenesta jobbar målretta med folkehelse og helseførebyggjande arbeid. Målet med langsiktig helsefremjande arbeid er at pasientar skal få ein god oral helse som vil krevja mindre omfattande behandling. På denne måten vil ein redusera bruken av eingongsutstyr under behandling som vil føra til eit mindre klimaavtrykk.

Alle prioriterte pasientar blir oppmoda om å nytta seg av offentleg transportmiddel til og frå behandlingsstaden så langt det let seg gjera. Bil eller drosje kan berre nyttast dersom helsetilstanden til pasienten eller rutetider på offentleg transport tilseier at det er mest hensiktsmessig.

Tenesta vil halde fram med avvikling av digitale møter og kurs der det er hensiktsmessig, som vil gi ein god klimaeffekt.

## 3 Endringar frå 2020 til 2021 - tekniske justeringar

I budsjettet for 2020 har teknisk eining vore underlagt løyvingnivået til administrasjon. Tenesta har utført ei evaluering om dette var rett plassering, og har kome fram til at eininga vert overført til pasientbehandling. Årsaka til dette er at teknisk eining utfører tenestene sine ute på tannklinikane, og aktiviteten er knytt til vedlikehald av tannteknisk utstyr. Med bakgrunn i dette er det overført kr 21 350 000 frå administrasjon til løyvingnivå pasientbehandling.

#### 4 Innarbeidde salderingstiltak: 3 mill. kr

##### Administrasjon

Det er innarbeid eit innsparingstiltak ved hjelp av stillingsreduksjon i administrasjonen. Innsparinga utgjer 0,4 mill. kr inkludert sosiale kostnader. Stillingsheimelen utgår grunna naturleg avgang, og vil såleis ikkje bli erstatta.

##### Pasientbehandling

I Sogn og Fjordane og i Hordaland hadde ein tidlegare ulik tilnærming når det gjaldt takstar. I samband med samanslåinga var det føremålstenleg å ha ei takstharmonisering som var gjeldande frå 2020. Dette vart vedteke i budsjettet for 2020. Takstauken vil utgjere omlag 1,6 mill. kr i meirinntekter, og vil gje ein inntektseffekt når det gjeld pasientbehandling for 2021. Med omsyn til den situasjonen ein er i grunna koronapandemien, må ein ta høgde for ein del varig svikt i inntektene. Dette er høgst usikre utsikter, men tenesta vurderer desse fortløpande.

##### Tk/Vestland

Tannhelsetenesta ser Tk/Vestland er organisasjonsmessig likestilt med dei andre tannhelseområda. I alle områda har ein frå og med 2020 på bakgrunn av den økonomiske situasjonen teke bort kursmidlar og utgifter kring dette, samt vikarlønn. Dette vil ein gjennomføra også for budsjettet 2021 for Tk/Vestland. Dette vil gje innsparing på:

- Kursmidlar: kr 350 000
- Reiseutgifter ved møte og kurs: kr 230 000
- Vikarutgifter: kr 420 000
- Samla innsparing: kr 1 000 000

#### 5 Alternative salderingstiltak: 3 mill. kr

For budsjett 2021 er det ikkje rom for ytterlegare salderingstiltak på løyvingsnivå utan at det går utover den ordinære drifta. Det inneber at ute på områda kan ein ikkje lenger redusere utan at ein må gjennomføra vesentlege strukturelle endringar, eller at det går utover tenestetilbodet.

Vestland fylkeskommune har ansvar for drift av Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Tk/Vestland som skal gje tilbod om spesialistbehandling, utføre fagleg rådgjeving til offentleg og privat tannhelseteneste, ha ansvar for praksisnær klinisk forskning samt bidra i spesialistutdanninga. Tk/Vestland har og ein eigen tannklinikk på Haukeland universitetssjukehus der det blir utført behandling under narkose.

Tk/Vestland er eininga som har størst budsjettutfordringar. Grunna eit stort meirforbruk på TK Vestland over fleire år er det naudsynt å gjere vedvarande tiltak.

Kompetansesenteret vart etablert med målsetning om at kompetansesenteret skulle vere sjølvfinansierande. Frå 2019 har senteret hatt eit null-budsjett, der alle kostnadane til senteret skal dekkast av pasientinntekter - både vaksne betalande og prioritert klientell, samt tilskot frå Helsedirektoratet.

Kostnadsnivået dei siste åra har vore for høgt til at senteret oppnår prinsippet om å vere sjølvfinansierande og utan tiltak vil kompetansesenteret belaste den fylkeskommunale drifta med mellom 8-9 mill. kr. Det er difor sett i verk arbeid med å gå gjennom økonomien (både inntekspotensialet og kostnadsnivået) for TK/Vestland for å kunne setje i gang kostnadsreduserande tiltak og/eller auke inntektene.